



OSTERFJORD NÆRINGSSAMARBEID

Industrikonsulentene på Osterøy, Osterfjord Reiselivslag, Vaksdal Næringssselskap AS,
Næringskonsulentene i Modalen

PILOTPROSJEKT FOR Å UTLØYSE EI BIOENERGINÆRING I HORDALAND

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Osterøy 5.9.06

Dykkar ref: 200504724-8/3/AARN og 200504724-9/3/AARN

PILOTPROSJEKT FOR Å UTLØYSE EI BIOENERGINÆRING I HORDALAND

**Søknad om utviding av tilskottramme til pilotprosjektet med kr 2.581.000
slik at samla ramme vert på 4 mill kr**

Det vert vist til Dykkar brev av 12.1. og 17.1.06.

Osterfjord Næringsssamarbeid vil få takke for støtte til pilotprosjektet, for tilsegn om kr 1.419.000 og for viljen til å fullfinansiere prosjektet med til saman 4 mill kr. Det vert vist til brevet av 12.1.06 der De skriv: "Vi vil difor finne dekning for den resterande støtta innafør budsjetta for 2006 og eventuelt 2007."

Styringsgruppa hadde sitt første møte 8.2.06.

Osterfjordrådet godkjende revidert prosjektplan 16.3.06.

Og styringsgruppa hadde sitt første løyvingsmøte 30.8.06.

Etter løyvingsmøtet vart følgjande pressemelding utsend:

"1,3 mill kr til bioenergising"

Fylkestinget i Hordaland har sett av 4 mill kr til "Pilotprosjekt for å utløyse ei bioenerginaering i Hordaland". Styringsgruppa for prosjektet løyvde i dag, 30.9.06, dei første 1,36 mill kr av denne potten. For nærare orientering om prosjektet; sjå Industrikonsulentene på Osterøy sine heimesider på www.osteroyindustri.no/indkons og på Hordaland fylkeskommune sine heimesider <http://www.hordaland.no/templates/Page.aspx?id=4217>

*Til **Palle Karm og Kassefabrikken AS** vart det løyvd inntil kr 260.000 (50%) til planlegging/prosjektering av brikettproduksjon/utviding av brikettproduksjon i Brikettfabrikken på Raknes på Osterøy. Vidare vart det løyvd inntil 1 mill kr (15%) til investeringar i Brikettfabrikken på Raknes. Sjå www.brikett.no.*

Kontaktperson: Rolf Hagebø, mobil 95 73 23 62

*Til **Osterøy Energi AS** vart det løyvd inntil kr 100.00 (50%) til planlegging/prosjektering av ein biovarmesentral innan Bergen kommune sine grenser. Sjå www.osteroy-energi.no.*

Kontaktperson: Svein Hustrulid, mobil 90 10 10 36.

Industrikonsulentene på Osterøy
sekretariat for Osterfjord Næringsssamarbeid
Rådhuset
5282 Lonevåg

tel. +47 56 19 22 70
fax: +47 56 19 21 01
Org.nr. 984 077 882
e-post: lars.mjos@osteroyindustri.no



OSTERFJORD NÆRINGSSAMARBEID

Industrikonsulenten på Osterøy, Osterfjord Reiselivslag, Vaksdal Næringssselskap AS,
Næringskonsulenten i Modalen

*Pilotprosjektet skal bidra til etablering av anlegg for biobrenselproduksjon og til anlegg for biovarmeproduksjon (varmesentralar, fyringsanlegg og nær-/fjernvarmenett).
Ordninga omfattar heile Hordaland."*

Styringsgruppa fatta også i møtet 30.8.06 følgjande vedtak: *"I samsvar med brev av 12.1.06 frå Hordaland fylkeskommune vert det søkt om utviding av tilskottramma til pilotprosjektet med kr 2.581.000 slik at samla ramme vert på 4 mill kr."*

Kr 1.360.000 av innvilga ramme på kr 1.419.000 disponerte; altså til rest kr 59.000. Då er ikkje kostnader med forvaltning av midlane medrekna.

Pilotprosjektet har følgjande **mål**:

"Føremålet med pilotprosjektet er å stimulere til etablering av bioenergianlegg i Hordaland og med det medverke til å utløyse ei bioenerginæring med regional forankring.

Resultatmål:

*Bidra til etablering av 1-3 anlegg, eventuelt fleire, for **biobrenselproduksjon**. Då biobrenselmarknaden må byggjast opp, er det naturleg at ein startar "i det små". Det vert vektlagt at anlegga kan ha potensiale for vekst.*

*Bidra til etablering av 5-10 anlegg for **biovarmeproduksjon** (varmesentralar, fyringsanlegg, nær-/ fjernvarmeanlegg). Her er det ønskjeleg å ha variasjon i anleggstypar for å få variasjon i type demonstrasjonsanlegg."*

Det første resultatmålet er langt på veg innfridd. Pilotprosjektet har vore sterkt medverkande til Palle Karm og Kassefabrikken AS si etablering av Brikettfabrikken på Raknes på Osterøy. Etter ein forsiktig start hausten 2005 er anlegget sommaren 2006 blitt kraftig utbygd til ein effektiv brikettproduksjon basert på avfallstrevirke (vesentleg utrangerte pallar). Ei viktig brikke er på plass for at varmesentralar/fyringsanlegg skal kunne få fat i biobrensel. Men då varmesentralmarknaden er svært avgrensa nå i oppstarten for bioenerginæringa i Hordaland, har Brikettfabrikken utvikla eit konsept og satsa på ein marknad for fyring med brikettar også i vanlege vedomnar. Brikettar vert leverte både i storsekk til varmesentralar og direkte til private husholdningar og i mindre kartongar for omsetnad gjennom daglegvarebutikkar og bensinstasjonar.

Hovudfokus for pilotprosjektet vil framover vere å bidra til etablering av varmesentralar, fyringsanlegg og nær-/ fjernvarmeanlegg. Og den første løyvinga til planlegging er ytt, serleg med sikte på oppbygging av kompetanse på dette området i regionen.

Aktivitetsrapport:

Forutan løyvingssakene har me hatt m.a. følgjande aktivitetar:

- Me har lagt ned ein del innsats i å avklare ordninga i høve til **statsstøtteregelverket** innan EØS. Ordninga er innmeld som SMB-støtte. Regelverket for bagatellmessig støtte vil og verte nytta.
- **Marknadsføring** av prosjektet/tilskottsordninga:
 - Presentasjon på Hordaland fylke og på Industrikonsulenten på Osterøy sine heimesider (sjå pressemeldinga over) og gjennom www.narinytt.no 16.6.06.
 - Innslag i morgonsendingane til nrk Hordaland 21.2. og 15.6.06.
 - Oppslag i Bergens Tidende 24.8.06.
 - Fleire omtalar i lokalavisene Bygdnytt og Ostringen.

Industrikonsulenten på Osterøy
sekretariat for Osterfjord Næringsssamarbeid
Rådhuset
5282 Lonevåg

tel. +47 56 19 22 70
fax: +47 56 19 21 01
Org.nr. 984 077 882
e-post: lars.mjos@osteroyindustrilag.no



OSTERFJORD NÆRINGSSAMARBEID

*Industrikonsulenten på Osterøy, Osterfjord Reiselivslag, Vaksdal Næringssselskap AS,
Næringskonsulenten i Modalen*

- **Osterfjordsrådet** fekk pr 5.5.06 innvilga frå **Enova** inntil 50% tilskott avgrensa til kr 300.000 til ”**Forprosjekt for moglege nær/fjernvarmeanlegg og anlegg for varmeproduksjon i Osterfjordregionen**”. Tidlegare er det løyvd kr 300.000 frå Regionalt Næringsfond for Osterfjord. **Osterfjord Næringsssamarbeid** er operatør for prosjektet.
- Me har arbeidd for å få i stand ei tilsvarande kartlegging både i **Bjørnefjordregionen** og i **Bergen**.
- Me har god kontakt med **Vestskog** som er involvert i planlegging av 2 varmesentralprosjekt i Kvinnherad og eitt i Sveio.
- **Osterøy Energi AS** kartlegger moglege biovarmeanlegg i Bergen og omland.
- Osterøy Energi AS har fått løyve til etablering av **biogassanlegg** der tørking av flis kan verte ein del av konseptet.
- Dei første førespurnader frå kontaktar me ikkje hadde før prosjektstart, har meld seg, m.a. oppvarming av hybelhus i Bergen med pellets.

Styringsgruppa har lagt opp til følgjande **aktivitetsplan** hausten 2006:

- Få på plass ytterlegare **tilskottsmidlar**.
- Medverke aktivt i samband med planlagt **informasjonsprosjekt** i regi av Fylkesmannen sin landbruksavdeling, Innovasjon Noreg og Vestskog med fleire.
- Arbeide for **meir omtale** av prosjektet i media/fagblad.
- Få lagt ut informasjon om prosjektet/ lenke til prosjektet på fleire **internettssider**.
- Følgje opp aktuelle tiltak som vert resultat av Enova-støtta **forprosjekt for Osterfjordregionen**.
- Følgje opp **Bjørnefjordregionen og Bergen kommune** med sikte på å få gjennomført Enova-støtta forprosjekt.
- Stimulere **også andre kommunar/regionar** til å få i gang Enova-støtta forprosjekt.
- Følgje opp varmesentraletableringar som **Vestskog** støttar op under.
- Halde kontakt med **Innovasjon Noreg** om deira bioenergiprogram/ aktuelle etableringar.
- Støtte oppunder både **Palle Karm og Kassefabrikken AS, Osterøy Energi AS, Vestskog og andre aktørar** sitt arbeid for å utvikle bioenerginæringa i Hordaland. Søke og følgje opp nye kontaktar/ aktørar.
- Følgje med på, eventuelt prøve å påverke, **utforminga av regelverket for regjeringa si auka satsing på fornybar energi**. Tilpasse prosjektet sin løyvingsprofil i høve til nye tilskottsordningar gjennom Enova.

Med venleg helsing

Lars Mjøs
prosjektleder